

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
125/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. PCOS NORGE - Støtteforening for polycystisk ovarie - Støtteilskudd til oppstart av ny forening: PCOS Norge - støtteforening for polycystisk ovariesyndrom

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Støtteilskudd til oppstart av ny forening: PCOS Norge- støtteforening for polycystisk ovariesyndrom* blir tildelt kr 3500 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 10.11.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 125/21 Vedtak:

Prosjektet *Støtteilskudd til oppstart av ny forening: PCOS Norge- støtteforening for polycystisk ovariesyndrom* blir tildelt kr 3500 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

PCOS NORGE er forening/lag/innretning. Bransje 94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted. Registrert 27.09.2021. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Polycystisk ovariesyndrom (PCOS) er eit syndrom som rammar om lag 15 % av alle kvinner. Syndromet kjenneteiknast av at hormonane er i ubalanse, og ofte med plagar som cyster på eggstokkane, sjeldne eller uregelmessige menstruasjonar og auka hårvekst. Cirka ein tredjedel av desse kvinnene treng hjelp frå sjukehus eller gynekolog som følgje av syndromet, og konsekvensane kan vere mange og alvorlege: auka risiko for diabetes, høgt blodtrykk, insulinresistens, angst, depresjon og tvangstankar og utfordringar knytta til å verte gravid.

Om prosjektet

Foreininga skal drive landsoppfattande opplysningverksemd overfor medlemmer og andre. Det skal følgje ny og oppdatert forskning på feltet. Blant anna har sju land gått saman for å finne ny behandling for unge jenter med denne diagnosen.

Prosjektleveranse/Målsetting

Tilføre merksemd og kompetanse på feltet, og vere støttespelar for personar som er råka.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Støttetilskudd til oppstart av ny forening: PCOS Norge- støtteforening for polycystisk ovariesyndrom	7000	7000	3500

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til kunnskapsutvikling som på sikt kan vere med å auke sysselsetting og aktivitet.

Vedlegg i saken:

03.11.2021 PCOS, søknadssjema

1635110